

Tove Engelhardt Mathiassen til minne

Tove Engelhardt Mathiassen døydde 16. januar 2025. Ho vart 68 år.

Agnes Geijers fond for nordisk tekstilforskning vil gjerne minnst Tove Engelhardt Mathiassen som var medlem av fondsstyret dei siste to åra ho levde.

Tove hadde den lengste delen av virket sitt ved Den gamle by i Århus. Dit kom ho i 1984 som nyutdanna handarbeidslærer frå seminaret i Kerteminde, med hovudfag i vev. Mens Tove var ved Den gamle by utdanna ho seg vidare og tok embetseksamen i etnografi og sosialantropologi ved Århus universitet i 1994. Frå 1997 til 2020 var ho tilsett som museumsinspektør med ansvar for museet si drakt- og tekstilsamling. Dei siste åra av livet arbeidde ho frilans som tekstilforskar og -formidlar, også som gjesteforskar ved Center for tekstilforskning ved Københavns universitet.

Eg møtte Tove fyrste gongen sommaren 1996, på Nordisk draktseminar i Karelen, Finland, med ekskursjon til St. Petersburg. Dette seminaret hadde handelsvegar som tema, eit emne som ganske sikkert var initiert av professor Bo Lönnqvist. For dei nordiske deltakarane, som kom frå ideelle organisasjonar som Svenska ungdomsringen för bygdekultur, Noregs Ungdomslag, Föreningen Brage og Danske folkedansere, kunne temaet verke litt framand. Dei fleste deltakarane var opptekne av heilt konkret rekonstruksjon av lokal draktskikk, av material, snitt, saum og dekor. Dei danske folkedansarane hadde forstått at dei trengte ein forskar til å presentere eit dansk perspektiv på handelsvegar. Valet fall på Tove Engelhardt Mathiassen, og ho kom tilbake og heldt dei vitenskaplege forelesingane på fleire slike draktseminar. Det vart vår møteplass kvart tredje år.

Difor var det heilt logisk for meg å ta kontakt med Tove da eg vart tilsett som konservator ved Domkirkeodden på Hamar, i 2006. Eg reiste til Den gamle by i Århus for å få inspirasjon til levandegjering i friluftsmuseet på Hamar. Ein dag følgde eg Tove i arbeidet hennar, og nett da var ho i gang med ei utstilling om «Den lille sorte». Som i alt arbeid ho gjorde, var den nysgjerrige, grundige og systematiske forskaren med. For meg, som til da hadde arbeidd på mindre museum, der ein konservator måtte gjera alle delar av arbeidet, var det interessant å sjå korleis Tove ved eit større museum arbeidde saman med fleire avdelingar når ei utstilling vart til. Rekka av utstillingar vart lang, med «Fra dronningens garderobe» som eit høgdepunkt.

I åra som gjekk hadde vi meir sporadisk kontakt, men eg hadde gleda av å møte henne att i ein strammare vitenskapleg samanheng fram mot 2014, da boka Fashionable Encounters Perspectives and trends in textile and dress in the Early Modern Nordic World kom ut med Tove som ein av redaktørane. Ho skreiv om dåpsklede i Danmark, eg om kvinnelege snøreliv i Norge. Artikkelen hennar om dåpsklede tok eg fram att nå i fjor haust da eg arbeidde med mi eiga forskning om prangande gjenbruk av silke i norske dåpsklede. Der såg eg på nytt kor solid fagleg Tove var, korleis ho kombinerte den materialnære og praktiske kunnskapen sin med kulturhistoriske og teoretiske tolkingar. Til saman kunne ho telle innunder hundre



publikasjonar med namnet sitt på.

Med same kvalitet kjenner eg meg også trygg på at det siste forskingsprosjektet hennar vart løyst, om tekstilkunsten til Kirsten og John Becker, med støtte frå Agnes Geijers fond. Etter at fondet hadde gitt stønad til det prosjektet var det ekstra hyggeleg å sjå det smilande andletet hennar att i Agnes Geijers fonds styre. Rett nok vart møta våre digitale, ettersom kreftsjukdomen hindra henne frå å delta fysisk. Men eg møtte att den skarpe, analytiske fagfelagen – og den varme, humoristiske personen som eg sette mi von til at skulle få eit langt og produktivt forskarliv, men som dessverre bukka under for sjukdom.

Bjørn Sverre Hol Haugen, april 2025